

Til:  
 Rektor på Sagstad Skule Magne Lædre  
 FAU på Sagstad Skule v/ leiar Magni Dyrøy  
Skulefagleg rådgjevar Reidun E. Johannessen  
 Utval for levekår i Meland kommune

Frekhaug 16. mai 2017

9. mai var vi på foreldremøte på Sagstad skule for 5. trinn. På møtet vart det ein del spørsmål om uteområdet på skulen etter utbygginga er ferdig. Vi stilte ein del spørsmål til kontaktlærar, men han hadde ikkje mykje informasjon å dela med oss.

Som føresette vel vi då å kontakte dykk alle for å understreke kor viktig vi meiner det er at kommunen og prioriterer uteområdet for elevane i forbindelse med denne utbygginga.

Leik er viktig for born, og deira utvikling, både fysisk og psykisk. Skulen må leggje til rette for dette i friminutta på «nye» Sagstad skule.

Per Are Løkke (Spesialist i klinisk barne-og ungdomspsykologi) skreiv følgande i ein artikkkel om leik i Dagbladet 2.mai: «*Den australiske professoren i psykiatri, Russel Meares, har i ørevis forsket på lekens betydning i forhold til barnets utvikling. Meares funn er særdeles relevant for dagens situasjon. Han hevder at den frie leken er barnets viktigste rom. Den må beskyttes og vernes som regnskogen og korallrevene - nettopp fordi leken åpner opp mulighetsrom der hele personlighetens register kan komme til uttrykk. Den skaper glede, motivasjon og overskudd. De statistiske kurvene er ikke til å ta feil av. Psykiske sykdommer blant barn og unge øker proporsjonalt med leken som forsvinner fra deres liv.*

Opplæringslova seier og at «*det fysiske miljøet i skulen skal vere i samsvar med dei faglege normene som fagmyndighetene til kvar tid anbefaler.*» Fysisk aktivitet og leik vert meir og meir viktig i ei tid med stadig meir skjermbruk. Gode uteområde rundt skulen som legg til rette for leik og aktivitet vil kunne bidra til dette for borna våre.

Vi ser jo at sjølve skuleplassen minkar no med det nye bygget som kjem, men vi håpar kommunen og skulen kan vere kreative i sin planlegging og ta i bruk andre areal rundt skulen. Vi har hørt rykte om at skogen bak «bassenget» kanskje kan takast i bruk, dette syns vi høyres spennande ut. Og vi ser gjerne at skogen vert ein del av uteområdet, skogen ved SFO har jo vore svært populær å leike i, dette kunne jo blitt eit nytt slikt uteområde som fremjar fysisk aktivitet, klatring og kreativ leik.

På foreldremøtet vart det i tillegg ein ivrig diskusjon rundt kva vi elles meinte kunne vere gode aktivitetar og tilbod på ein skuleplass. Men vi konkluderte med at kanskje elevane burde vore engasjerte i dette? Dei har sikkert mange gode forslag. Vi reknar dessutan med at skulen sitt elevråd allereie er involverte i dette, viss ikkje bør dei jo bli det, slik opplæringslova og seier.

Som foreldre på 5. trinn er vi heller ikkje framand for å bidra med dugnadstimar, slik vi veit det har vore gjort på andre skular i kommunen. Kommunen og skulen kan gjerne involvere og invitere til eit samarbeid med oss føresette, det trur vi fleire klassetrinn og ville vore positive til!

Så med dette brevet håpar vi at de først og fremst har fått vite kor viktig det er for oss at borna våre får eit godt uteområde å leike på når nyeskulen står ferdig. I tillegg har vi forsøkt å vere litt løysingsorienterte og kome med forslag til korleis det kan jobbast vidare med.

Vi veit at det ofte handlar om budsjett og pengar men samstundes håpar vi at de skjøner at dette ikkje er ein budsjettpost som kan kuttast, då det handlar om borna våre og deira leik og trivsel på skulen.

Gode uteområde vil kunne gje auka trivsel og betre psykososialt miljø – noko som igjen vil påverke læringsutbyttet til elevane.

Med helsing på vegne av føresette i klasse 5a

May Sissel Rismyhr Jansen

Vibecke S. Samuelsen

Lisbeth Sjursen